

SKULEMINNE FRÅ EIN UTKANT

Sigmund Simmenes

Nordgrend skulekrins på Osterøya er for lengst overført til Stamnes. Men minna om det yrande livet i den livskraftige bygda, lever hjå oss som har levd lenge nok til å snakka om dei gamle, gode dagar....

For lenge sidan, svært lenge sidan synest det no å vera, var det vanleg at borna måtte koma seg til skulen for eigen maskin. Til fots der det var råd – uansett ver- og føreforhold. Dei som budde slik til at dei måtte over vatn og fjordar, var så heldige at foreldra rodde dei over. Men ikkje lenger enn at dei kom til veg eller sti så dei kunne gå. Dei vaksne hadde anna å ta seg til; det fekk vera nok at ungane var på skulen og ikkje kunne hjelpe til heime.

Soleis var vår del av verda laga den tid eg gjekk på det som då heitte folkeskulen. Det var frå 1952 til 1959, og staden var Nordgrend skulekrins. Denne krinsen omfatta på den tid gardane Moen, Toskedal, Grøsvik og Gammersvik på osterøydelen av bygda og Mellesdal og Elvik på fastlandet. Tidlegare hadde krinsen også omfatta Simmenes. Borna frå Moen måtte dessutan innhysast på eit bruk nær skulehuset, som låg i Grøsvik. Dei frå Simmenes måtte også bu borte når det var meinis i fjorden.

Eg var så heldig at eg budde i Toskedalen, der det var god veg til skulen, sjølv om fotturen kunne ta opp mot ein time, alt etter ver og føre.

Det var fleire born i Toskedalen, men eg var åleine i småskulen då eg byrja i første klasse. Dei andre gjekk i storskulen. Me gjekk annankvar dag: Storskulen mandag, onsdag og fredag og småskulen dei andre tre vekedagane.

Læraren budde vanlegvis i lærarbustaden tett ved skulen. Men det hende også at læraren leigde rom på eitt av bruka i nærlieken.

Skulehuset var av den "gode, gamle" typen: Ei skulestove med vindfang, gang, kammers og loftsetasje. Kammerset inneheld spanande materiallager med plansjar i naturfag, kristendom, kjemi og fysikk. Særleg det siste faget hadde eit spennande lager av utstyr, som vart mest brukt av oss elevar når læraren hadde middagskvild midt på dagen.

Elles var skulestova utstyrt med gode skrållok-pultar, kateter, skåp og kart. Det viktigaste kartet var sjølvsagt kartet over Palestina eller Jødeland på Jesu tid. Det eine skåpet var forresten skuleboksamlinga, som var ei svært populær avdeling av skulestova. Her lånte me bøker kvar veke. Ved døra sto den store vedomnen og

heldt oss varme og turka sko og klede på regnversdagar og når det var snø. Og på veggene hang det klassiske biletar med beitande hestar og motiv frå bibelsoga.

Den tid eg gjekk på skulen, var det framleis lov både å be fadervår høgt og syngja salmar utan at foreldra melde læraren for åndeleg overgrep og indoktrinering...

Oppen på loftet var det matsal og kjøkken som vart brukt når skulen fungerte som grendahus ved julatrefestar og på syttande mai. Men elles hadde gutane sløyd der oppen når den perioden var inne. Jentene dreiv såkalla handarbeid i skulestova, og det var ingen kjønnslege overløparar: Alle visste at jenter skulle læra å strikka og sauma, medan gutter var etla til snekkaryket på det enklaste plan. Etter lydnivå og praktisk utøving å døma, syntest det tidleg klart at dei fleste av oss aldri kom til å verta finsnekkarar.

I tillegg til skulehuset, var det i utkanten av skuleplassen utedo med to avlukke for kvart kjønn. Her var det likevel råd å klatra over skilejveggen om det trøngst, i alle fall for å sjå korleis det såg ut på den andre sida... Slik klatrekunst og forskartrong var det helst gutane som hadde.

Skuleplassen var hellande og mindre bra vedlikehalden. Men den tente godt til vårt bruk til ymse ballspel og leikar elles. I dei siste åra av mi skulegonge var det anleggsarbeid på skuleplassen. Av økonomiske grunnar stansa arbeidet opp, og det låg difor lagra ei stor ur av steinmassar på halve plassen eit par år. Dette var ei fantastisk spennande tid som representerte ei stor utfordring både for elevar og lærarar. Dei motoriske evnene vart etterkvart høgt utvikla, særlig når me sprang og leika for full fart i røysa av sylskarp skotstein. I dag hadde nok denne kjekke leikeplassen vorte stengt for born og erklært livsfarleg.

Rundt plassen var det gjerde for å halda oss på plassen. Men det gjerdet var meir som ei utfordring enn ei hindring, så heile nærområdet i Grøsvik var leikeplass, til læraren si store fortviling: Han måtte ofte inndra friminuttar, då elevflokkene hadde ein tendens til å forsvinna når dei kom ut, i alle fall viss skiføret var godt og veret var lagleg!

Når ein har gått på ein så spennande skule som Nordgrend skule var, er det mange minne som kjem fram. Somme minne er gode, andre er mindre gode – slik er no livet. Men eitt minne står for meg som svært spesielt:

Kvar vinter var heile skulen på skidag eller skeisedag – alt etter vertilhøva. Ein vinter var det stabilt ver lenge nok til at isen fekk leggja seg slett på heile fjorden mellom Gammersvik og Romarheim. Det vart skeisedag, og alle borna i krinsen med læraren i spissen la utsida isen med og utan skeiser. Ingen andre vaksne var med, merkeleg nok. Læraren var ikkje van med is, så hans dømekraft på området var ikkje særlig god. Og me borna tenkte sjølv sagt ikkje på tryggleiken.

Sjøisen kan vera seig, særlig viss det er litt salt i det vatnet som har frose. Medan isen var fem - seks tommar inne i Grøsvikvågen, var han berre to tommar på det meste av fjorden utanfor. Me skeisa vilt omkring, men av og til stansa me opp og samla oss i klyngjer. Vekta vart då temmeleg stor på eit lite felt, og isen byrja langsamt å siga i ei stor grop.

Inne på land såg folk dette og byrja å ropa og be oss spreia oss. Sett frå land, var det berre overkroppane som viste der heile barneflokken sto ute på isen med læraren i midten. Me skjøna snart kva det dreia seg om og byrja skeisa frå kvarandre. Eg hugsar enno motebakken opp or den nedsigne isgropa der me hadde stått. Ikkje veit eg kor mange sekundane meir det hadde gått før ein heil generasjon hadde forsvunne i den svarte fjorden. Enno i dag går det kaldt nedover ryggen på meg når eg tenkjer på denne hendinga.

Ei anna hending som var mindre dramatisk var når skuleinspektøren kom på besøk frå Dale. Dette hende med ujamne mellomrom, men kvart år, og læraren visste ikkje om når han kom. Det vart alltid veldig stilt i den elles så livfulle skulestova når storfolket frå Dale sat bak i salen og følgde med. Både elevar og lærar oppførde seg heilt unormalt så lenge besøket varde. Såleis var det heilt stille i skulestova, og arbeidet gjekk utan avbrot av kreative elevar. Slik sett var det sikkert fint for læraren at skuleinspektøren kom på besøk. Men når øvrigheita reiste att med inntrykk av at alt var i den beste orden og stand, gjekk livet sin vanlege gang: Skulen kunne drivast etter meir lokale pedagogiske prinsipp med personleg tilpassa undervisning – lenge før ordet var oppfunne. Her vart ofte aktivitetsnivået tilfeldig fordelt mellom lærar og elevar. Dagens elevar kjem heilt til kort når det gjeld kreativitet og oppfinnsamhet. Men det kjem seg kanskje av at mens borna i dag får servert det meste av aktivitetsidear ferdiglagt gjennom media og tekniske hjelpemiddlar, måtte me finna på det meste sjølv. Og det passa oss svært godt og det lærde oss tidleg å verta sjølvstendige utan å venta at andre skulle leggja alt til rettes for oss.

Ein gong for året var det også skogplanting. Skuleborna skulle ut i skogen med hakker og grep og planta gran for ein eller fleire grunneigarar. I dag ser me resultatet av desse plantingane rundt om i utilgjengelege lier og fjellskråningar: Dei mørke granskogene som ikkje har sitt naturlege opphav i vestlandsk terren, vart ukritisk ”utplasserte” der særleg bjørk og annan lauvskog hadde rådd grunnen før.

Plantedagane var også kjekke avbrot i kvardagslivet i skulen. Me hadde med oss ekstra mykje niste, og fleire vaksne var med og instruerte oss. Og bunt på bunt med gran vart planta, endåtil to eller fleire i kvart hol viss iveren etter å verta ferdig fortast tok overhand.

Me hadde også ei anna årleg storhending: Skuletannlækjardagen på Stamnes! Då vart me kledde opp i sømelege finklede og stua inn i ein eller annan motorbåt for transport til den store kyrkjestaden Stamnes. Etter ein times tid i båt med aukande forventningar, entra me kaien på ”Hedlo”. Her var det bisneleg mykje å sjå: Bilveg der det kunne dukka opp både buss og privatbil, butikkar, skreddar, skomakar, kafe, kyrkje, motorverkstad, telegrafstasjon, postkontor og bank. Den sistnemnde var også den staden der tannlækjaren held til med femtitalets avanserte borerigg i kammerset. I banklokalet sat me så på rekke og rad og høyrd kor boremaskina forvandla den eine tøffingen etter den andre til skjelvande nervevrak på nokre minuttar. Då hjelpte det lite å sjå på den alvorlege bankmannen som sto bak skranken og skreiv kroner og øre sirleg inn i bøkene sine medan den tunge døra til

bankkvelvet sto på glytt i bakgrunnen. Det einaste lyspunktet var den snille og hjelsame tannlækjarassistenten. Ho trøysta oss og lindra smertene så godt ho kunne der det trøgstu. Men som regel kom me oss frå det med nokre få amalgamfyllingar kvart år – fulle av sjølvpålagde lovnader om å bruka både tannkost og andre hjelpemiddlar, i alle fall av og til....

Før me reiste heimatt, bevilga me oss likevel litt snop hjå Dyviken eller på Handelslaget. Med nyrestaurert tanngard tykte me det gjekk an å riva i litt søtsaker til lagring i djupe bukselummer som niste på den lange heimvegen.

Når det galt den vanlege helsesjekken, vart me snytte for tur til Stamnes. Doktaren eller sjukesøstera kom til skulen ein gong i året og sjekka at kropp og helse var i orden. Det vart lytta bak og framme, oppo og nede og talt over at dei vitale organa var fulltalige og rett plasserte. Men det var mykje interessant knytt til denne hendinga også. Her var det igjen gutane som var mest aktive tilskodarar anten gjennom nøkkelhol eller gjennom glaset når jentene sine vitale deler skulle sjekkast. Men ei årvaken sjukesøster hindra oss i å få innblikk i altfor tidlege opplevingar med anatomiske openberringar av det motsette kjønn, så me måtte leva med naturfagboka sine sparsommelege opplysningar så lenge skuletida varde.

Frå skulen var det godt utsyn til fjorden, der sandfartøy og robåtar for forbi mange gonger for dagen. Der var utsyn til sandfarten sine ruter både frå Stamnesområdet og frå Mofjorden. Dei av elevane som budde ved fjorden hadde full innsikt i alle detaljar på alle fartøy, medan for oss landkrabbar or Toskedalen var eit fartøy eit fartøy og ein maskin ein maskin.

I dei første dagane etter juleferien var det alltid vanskeleg for læraren å få elevane til å koncentrera seg om undervisninga. Den mangslungne floraen av jule- og nyttårskort vart teke med på skulen der me dreiv ein velorganisert bytihandel av kort med ulik verdi på frimerke og glans. Eit glansa kort frå Amerika kunne lett innbringa eigaren både fem og ti vanlege matte julekort frå tanter og onklar i Noreg. Mange fine helsingar skifte eigar i denne tida, då også julegåver skulle visast fram og nye plagg skulle innviast.

Slik kunne minne etter minne takast fram og serverast i ymse innpakningar. Sjølv om ikkje alt var like spennande då, tykkjest det vera det no når alt vert sett med andre auge.

Til slutt vil eg ta skulevegen heimatt or Grøsvik. Dei første åra var me berre to elevar som gjekk saman, og me hadde det umåteleg spanande på skulevegen. Det var nesten fire kilometer å gå, men me sytte for å gå utforskande omvegar som gjorde vegen heim både spanande og lang. Me stogga og leika oss i det gamle kvernhuset i Grøsvik i lang tid. Me såg etter fisk i bekken oppe på Lonane. Me gjekk ein tur til Grøsvikstølen – eller ein tur om Austemarka. I det heile hadde me eit liv på skulevegen som buss-skyssa elevar i dag berre kan drøyma om.

Men alt dette var som sagt for svært lenge sidan no....